

Fra: Mads Munkejord <fmhommel@fylkesmannen.no> på vegne av Fylkesmannen i Hordaland <fmho@cim-products.no>

Sendt: 27. januar 2015 15:23

Til: Aadland, Åge; Aasen, Birte M.; Arnesen, Fredrik; Askøy, Postmottak; Austevoll, Postmottak; Post Austrheim; Bergen, Postmottak; Vidar Bråthen; Bømlø, Postmottak; Drange, Helge; Eidfjord, Postmottak; Eitrheim, Jostein; Enerstvedt, Tore Johann; Etne, Postmottak; Postmottak Fedje; Fitjar, Postmottak; Fjell, Postmottak; Fusa, Postmottak; Gjøvsund, Stein; Gram, Knut J; Granvin, Postmottak; Gundersen, Kim; Hansen, Pål; Hansen, Roy; Hareide, Anne Grete; Haug, Jan Gaute; Hope, Stig; Kari Anne Iversen; Jondal, Postmottak; Karlstrøm, Stefan; Kvam, Postmottak; Kvinnherad, Postmottak; Kjell Langeland; Postmottak Lindås; Lunde, Ivar; Stein Kåre Løvslett; Post Masfjorden kommune; Meel, Reidar; Meidell, Arve; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Moe Larsen, Andreas; Munkejord, Mads; Nesheim, Grete; Arild Nottveit; Odda, Postmottak; Os, Postmottak; Jan Olav Osen; Post Osterøy; Postmottak, Hordaland Fylkeskommune; Postmottak Radøy; Ramsli, Tone; Karl Johannes Romarheim; Rørnes, John Ove; Samnanger, Postmottak; Sandvik, Erik; Sefland, Alfa Merethe; Seim, Olav; Simmenes, Vidar; Sjøflot, Thomas; Sortland, Bjørn Hroar; Harald Stanghelle; Stord, Postmottak; Sund, Postmottak; Sveio, Postmottak; Terje Sætre; Sveinung Toft; Tysnes, Postmottak; Ullensvang, Postmottak; Ulvik, Postmottak; Ur, Lars Ese; Postmottak Vaksdal; Vangsnes, Ella Marie Brekke; Vestbø, Odd Inge; Voss, Postmottak; Weløy, John Levi; Odd Ivar Øvregård; Øygarden, Postmottak

Emne: Tilbakemelding etter "Øving Lyneld 2015" og "Nina"

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte onsdag 21. januar «Øving Lyneld 2015». Dette var ei uvarsla øving til kommunane (og fylkeskommunen) i Hordaland, der føremålet var å teste responstida til mottakarane ved eit uventa beredskapsvarsel.

Varsel om øvinga blei sendt ut per e-post til beredskapskontaktane i kommunane (kl. 09.26) og deretter til beredskapsadressene i fylket (kl. 10.02). Ved ein inkurie skjedde ikkje dette samstundes. Likevel hadde 15 av 34 kommunar (inkl. HFK) allereie respondert/kvittert innan kl. 10.02. Innan kl. 10.20 hadde 29 av 34 respondert. Fylkesmannen purra to kommunar etter kl. 12. Alt i alt er Fylkesmannen nøgd med responstida til kommunane i Hordaland.

Som eit ledd i øvinga sende Fylkesmannen òg ut varselet per talemelding/SMS. Loggen i CIM syner i denne samanheng nokre oppfølgingspunk som Fylkesmannen vil ta tak i. Mellom anna ser vi til dømes at det er manglande eller feil i registrerte telefonnumre i einsskilde tilfelle.

I samband med øvinga stilte Fylkesmannen til slutt òg spørsmål om eventuelle «vesentlege ekstraordinære utgifter» i kommunane som følgje av ekstremvêret «Nina». Nær alle kommunane i Hordaland har no gjeve oss eit overslag over slike/pårekna utgifter. Dei førebelse innrapporterte tala syner at uvêret har kosta kommunane meir enn 12 mill. kroner. Dette er eit relativt moderat tal samanlikna med til dømes utgiftene knytt til flaumane i fjor haust, der dei samla utgiftene p.t. er på fleire hundre mill. kroner.

Fylkesmannen har samla inn desse tala etter førespurnad frå Kommunal- og moderniseringsdepartement, som har uttrykt ynske om ein oversikt over pårekna utgifter med uvêret. Det er i denne omgang ikkje knytt nokre lovnader om ev. kompensasjon frå statleg hald.

Med helsing

Fylkesmannen i Hordaland/Beredskap